

# Herdla



Helge Sunde



## EIN HOVUDFLYPLASS FOR TREKKFUGLANE

*Bergensarane grunna på det, lenge og vel. Tyskarane iverksette det, under siste verdskrigen. Då hadde fuglane gjort det i fleire tusen år: HERDLA er hovudflyplass for trekkfuglane under hausttrekket.*

S kulle du sjå Herdla i fugleperspektiv, ville du skjønna kvifor: Herdla er ein flat, grøn, forlokkande oase mellom vestlandskystens knausete lyngheiar, fjordar og fjell. For ein sliten trekkfugl, som framleis har mange hundre mil att, er det ikkje berre freistande å ta staden nærare i augesyn. Det er gjerne heilt *naudsynt*, for denne naturtypen er det lite av på denne delen av Vestlandet. For fleire fugleartar er Herdla faktisk den einaste staden mellom Vigra på Sunnmøre og Jær-strendene i Rogaland der dei kan gjera seg von om å sikra seg ein livsviktig matbit.

Mange av trekkfuglane må langt av garde for å finna høvelege vilkår når vinteren nærmar seg. Å flyga krev mykje energi. Ei and



352 Myrsniipe. (Jan Rabben)




Songlerke. (Thor Østbye)

brukar fem gonger så mange kaloriar for kvar tidseining ho flyg, samanlikna med å ta seg roleg rundt på land. Fuglane blir nok slitne av å flyga langt, men vel så viktig er det at dei ikkje går tomme for «drivstoff». Før det lange trekket tek til, går dei fleste gjennom ein feitekur. Opplagra feittreservar på kroppen er «flybensin». Tek dette lageret slutt, er krisa eit faktum, om det ikkje finst ei naudhamn innan rekkjevidd.

For slike slitne og svoltne fuglar på hausttrekk har Herdla ein viktig funksjon. Det er fullt mogleg å «etterfylla tanken», men då må ein ha rikeleg tilgang på den rette næringstypen. Dei skal helst eta mest mogleg på kort tid, slik at dei kan dra vidare så snart vør og vind er lagleg. Jorda, strendene og dei grunne sjøområda kring Herdla er biologisk høgproduktive. Studerer du ein vadefugl ved lågvatn i Prestvika eller i ein dam på Valen, ser du at dei ofte er i febrilsk aktivitet på leiting etter mat.

## NATURRESERVAT OG FUGLEFREDINGSOMRÅDE

*Forvaltninga av naturvernområda på Herdla er eit kompromiss mellom mange kryssande interesser. Dei viktigaste fugleområda på Herdla vart verna som naturreservat i 1985, etter å ha vore mellomlands verna sidan 1980. Dette reservatet er 1,3 km<sup>2</sup> stort. I tillegg finst ber eit 3,2 km<sup>2</sup> stort fuglefredingsområde, som strekkjer seg frå reservatgrensa i sør tvers over Herdleflaket. Ta gjerne Herdla i bruk for turar og rekreasjon, men du pliktar beile tida å gjera det på fuglane sine vilkår.*



## DET RIKASTE FUGLEOMRÅDET I HORDALAND

*Herdla er den rikaste fuglelokaliteten i Hordaland. Det er registrert vel 220 ulike fugleartar ber, nokre av dei er sjeldne. Du er velkomen til å sjå på fuglane. Det gjer du best frå gangstigen rundt Herdlevågen eller frå dei to fugleobservasjonsbusa. Songlerka er ein vanleg bekkefugl på Valen. Faktisk er dette ein av svært få stader i Hordaland du kan finna denne arten om sommaren. Herdla er også den einaste staden i fylket du kan rekna med å få sjå gravand. Årleg bekkar eitt eller to par på Herdla.*

*Det er vadefuglane på hausttrekket som set sterkast preg på Herdla. Vanlegast er heilo og brushane, ofte i blanda flokkar. Små vadefuglar, som myrsniipe, dvergsnipe og sandlo, er periodevis talrike i fjoresona ved lågvatn, eller i dammar på Valen. Større artar, som lappspove, tundralo og gluttsniipe, er ikkje talrike, men finst regelbunde. Vadarttrekket varer frå seint i juli til ut i oktober, men mest fugl er det gjerne beilt i byrjinga av september.*